



**Ullensvang  
kommune**

# **Plan for forebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar**

## **for barn og unge i Ullensvang kommune**





<b>Samandrag</b> .....	<b>4</b>
<b>1. Bakgrunn</b> .....	<b>4</b>
1.1 Arbeid med planen.....	5
1.2 Lovgrunnlag i planen.....	5
1.3 Kommunale planar.....	6
1.4 Statistikk.....	6
<b>2. Målsetjing</b> .....	<b>7</b>
2.1 Nasjonale mål og strategiar.....	7
2.1.1 Kunnskapsbasert praksis: FoU – plan for det forebyggjande oppvekstarbeidet i Ullensvang kommune.....	8
2.2 Ullensvang kommune sine mål og strategiar.....	9
Oppveksttilhøve og vilkår.....	12
Arenaer for eit godt forebyggjande arbeid.....	13
Folkehelse.....	15
<b>3. Forebygging</b> .....	<b>16</b>
3.1 Kartleggingstiltak.....	16
3.2 Universell forebygging.....	17
3.3 Selektiv forebygging.....	20
3.4 Indisert forebygging.....	22
3.5 Samhandling.....	24
3.6 Utfordring.....	26
Avstandar.....	26
Bemanning og kompetanse.....	26
Flyktning og inkludering.....	27
Barnefattigdom.....	27
Barnevern.....	27
<b>4. Uttale frå sektorar som arbeider med forebygging av omsorgssvikt og atferdsvanskar - knytt til barn/unge og deira familiar</b> .....	<b>27</b>
4.1 Oppvekst og utdanning.....	27
Barnehage.....	28
Skule.....	28
Helsestasjonstenesta.....	29
Svangerskapsomsorg.....	29
Helsestasjon for sped- og småbarn.....	30
Skulehelsetenesta.....	30
Helsestasjon for ungdom - HFU.....	31
PPT - pedagogisk psykologisk teneste.....	31
Logopedtenesta.....	32
Barnevern.....	33
Vaksenopplæringa.....	35
4.2 Helse og sosial.....	36





Rus og psykisk helse.....	36
Ergo- og fysioterapitenesta.....	37
Tenesta for funksjonshemma.....	37
Legetenesta.....	38
4.3 Kultur, næring og samfunn.....	38
NAV.....	38
Bustadkontoret.....	39
Inkludering.....	40
Bibliotek og kultur.....	41
Kulturskulen.....	41
Frivillig sektor / Frivilligsentralane.....	41
4.4 Teknisk og miljø.....	43
4.5 Politi.....	43
4.6 SLT.....	45
4.7 Idrettsrådet.....	46





# Samandrag

Hovudmålet med planen har vore å laga eit verktøy for betre tverrfagleg samarbeid til barnets beste. Krava i høve innhald i planen kjem fram av barnevernsreforma-/plankrava i barnevernlova.

Tverrfagleg samarbeid med aktuelle tenester, både eksternt og internt i kommunen er avgjerande i dette arbeidet. Tenestene skal saman med barnet og familien dyrka fram sunne barn og unge som kan handtera eventuelle utfordringar og risikoar i framtida.

Etter arbeidet med førebyggjande plan kan ein konkludera med at Ullensvang kommune har mange gode tiltak. Vidare satsing er utvikling av eksisterande tiltak, og ikke nødvendigvis oppretting av nye tiltak. Bakgrunn for dette valet er at kommunen etter samanslåing vart ein langstrekt kommune med store avstandar, der tenestene brått vart mykje større enn tidlegare. Det har difor vore ein prosess å samordna rutinar for kvar teneste, og definera nye.

Etter oppstart av planarbeidet tilbake i 2020, har det skjedd endringar på fleire punkt innanfor samarbeid og tiltak. I planen har arbeidsgruppa saman med ulike tenester i kommunen utarbeidd ei oversikt over førebyggjande tiltak som eksisterer i kommunen. Oversikta kan brukast til vidareutvikling av tenestene, samstundes som det er klart kven som har ansvar.

## 1. Bakgrunn

Barnevernsreforma som tredde i kraft 01.01.2022, gir kommunane meir ansvar på barnevernområdet. Kommunane får no eit større fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Dette får kommunane kompensert for gjennom eit auka rammetilskot. Målet er å styrkja det førebyggjande arbeidet i kommunane gjennom heile oppveksten, og at tenestetilbodet skal tilpassast til lokale forhold.

Forsking viser at sosial kompetanse, prososiale vener, god tilpassing i barnehage og skule, saman med skulefagleg meistring og god omsorg frå andre vaksne enn foreldre-/føresette - kan bidra til å hjelpa og verna barn og unge i risikosona.

Ullensvang kommune skal vera ein trygg og god stad å veksa opp, og alle barn og unge skal få den hjelpa dei treng. Foreldra er primærførbyggjarane og ofte dei beste til å ivareta barn og unge si helse, meistring og utvikling. Førebygging av omsorgssvikt handlar i stor grad om samspel. Samstundes seier oppvekstreforma at kommunen må tidlegare inn med hjelpetiltak utanfor barnevernet. Å arbeida førebyggjande knytt til omsorgssvikt og åtferdsvanskar bidrar til auka trivsel hjå barn





og unge, samstundes som dei vil verta godt rusta til å møte framtidige utfordringar i vaksenlivet.

Målet er å førebyggja for kvar einskild - altså sikra at dei aktuelle tenestene kjem inn så tidleg som mogleg. Folkehelselova har fokus på å fremja befolkninga si helse, gode sosial- og miljømessige forhold og bidra til å førebyggja psykisk-/somatisk sjukdom, skade eller liding.

I arbeidet med førebyggjande plan må ein sjå samanhengene med andre aktuelle planar i kommunen.

## 1.1 Arbeid med planen

Dette er Ullensvang kommune sin første førebyggjande plan knytt til utfordrande åtferd og omsorgsvikt hjå barn og unge.

Planen er utarbeidd i tett samarbeid med aktuelle tenester som arbeider førebyggjande inn mot barn og unge. Ei arbeidsgruppe vart sett saman for å utarbeida planen, og undervegs har det vorte gjennomført ulike workshopar om emnet.

Det har av ulike årsaker vore litt utskifting i arbeidsgruppa. Hovudarbeid og ferdigstillinga av planen er det fagstab Oppvekst og utdanning som har stått for, i tett dialog med andre sektorar.

## 1.2 Lovgrunnlag i planen

- Lov om barneverntjenester (barnevernsloven) av 01.01.2023
- Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven) av 01.01.2010
- Lov om Folkehelsearbeid (folkehelseloven) av 01.01.2012
- Lov om barnehager (barnehageloven) § 44
- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 15-1
- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) § 12-1
- Lov om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven) , §§ 21 og 21a
- Lov om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova) § 5
- Lov om behandling av personopplysningar (personopplysningsloven) § 1 jf. GDPR Art. 5 pkt. 1(f)





## 1.3 Kommunale planar

I arbeidet med førebyggjande plan knytt til omsorgssvikt og åtferd har arbeidsgruppa lagt tidlegare, vedtekne, kommunale planar til grunn:

- Ruspolitisk handlingsplan 2022-2024
- Opptreppingsplan for barn og unge si psykiske helse 2019-2024
- Opptreppingsplan mot vold og seksuelle overgrep
- Handlingsplan ved vald og overgrep mot barn og unge
- Handlingsplan for førebygging mot radikalisering
- Oppvekstplan 2020-2025
- Handlingsplan for kvalitetssikring i oppvekst og utdanning i Ullensvang kommune.

## 1.4 Statistikk

Tal frå SSB (2023) viser at Ullensvang kommune har ei befolkning på ca. 11 148 personar:

Kjønn	0-19 år	20-64 år	65 år og eldre
Kvinner	1124	2957	1442
Menn	1232	3111	1282

Utviklingsstatistikk: SSB sin framtidsprognose for Ullensvang kommune viser ein forventet nedgang i folketallet.

**Undersøking eller tiltak frå barnevernet:** (Tal frå kommunehelsa) Pr. 1.1.2021 er det 2,7% av barn i alderen 0-17 år som er part i undersøking hjå barnevernet. Dette er ein lågare del enn på landsbasis (4,2%). Når det gjeld barnevernstiltak ligg Ullensvang kommune høgare enn landet. 6 % av barn i alderen 0-17 år i Ullensvang kommune, mot 3,9 % på landsbasis, har tiltak frå barnevernet.

Det er 1576 personar med innvandrarbakgrunn frå 52 ulike land som er busett i Ullensvang pr 01.01.2023. 38,6% av desse personane har bakgrunn som flyktningar eller har opphald på grunnlag av familiesameining med personar med





flyktningbakgrunn. Ut over flyktningar er det arbeidsinnvandrarar (24%) og familieinnvandring med personar utan flyktningbakgrunn (24,7%) som utgjer dei største gruppene. Ukraina utgjer den største gruppa med 330 personar, etterfølgd av Polen (269), Thailand (102), Syria (86) og Tyskland (60).

## 2. Målsetjing

### 2.1 Nasjonale mål og strategiar

Rundskriv Q - 16 /2013 - Forebyggende innsats for barn og unge, handlar om å tilretteleggja for eit godt førebyggjande arbeid i kommunane. Bakgrunnen for rundskrivet er at kommunane skal få kunnskap om kva som er eit inkluderande oppvekstmiljø. Samstundes blir tverrfagleg samarbeid sentralt i gjennomføring av førebyggingsarbeidet.

Målsetjing med rundskrivet:

- leggja til rette for eit godt oppvekstmiljø for alle
- auka forståing for tverrfagleg samarbeid på tvers av tenestene
- tydelege formelle ansvar - knytt til lover, reglar ol.
- tilretteleggja for gode rutinar og system
- auka forståing for at tidleg innsats er viktig
- god kompetanse er ein føresetnad

Andre verkemidlar som er viktige i dette arbeidet er økonomi. Staten tek i bruk verkemidlar i høve økonomi gjennom tilskotsordningar, satsingar, pedagogiske ressursar ol.

Førebygging er ei plikt kvar einskild kommune har, samstundes som det er forankra i norsk lov. Kommunane skal sikra at alle barn og unge får gode oppvekstvilkår, trass i sosioøkonomisk status i samfunnet.

Ein føresetnad for eit godt førebyggjande arbeid:

- barn- og ungdom sin medverknad
- heilskapelege planar og tydeleg leiing
- samarbeid på tvers
- lokal mobilisering og frivillig innsats
- kompetanse





I høve dette skal ein ha fokus på å inkludera lokale ungdomsråd, skular og liknande, slik at barn og unge kan få høve til å seia si meining.

### 2.1.1 Kunnskapsbasert praksis: FoU – plan for det førebyggjande oppvekstarbeidet i Ullensvang kommune.

Eit stadig viktigare prinsipp for utvikling, er innbyggjarinvolvering. Kunnskapsutvikling gjennom medverknadsprosessar og samskaping mellom forskingsmiljø, tilsette og innbyggjarar/brukarar er i aukande grad eit prinsipp som skal liggja til grunn for utvikling av fagleg praksis.



Fig. xx Kunnskapstriangelet

Omgrepet samskaping blir nytta om dei prosessane der innbyggjarar/brukarar er aktivt involvert i utvikling av tiltak og tilbod. Det er likevel usikkert i kor stor grad og korleis det blir praktisert i høve innbyggjarar som har behov for samansette tenester.

Ullensvang kommune har sett samskaping på dagsorden blant anna gjennom levekårsatsinga. Det er likevel behov for å styrkja systematikken innanfor området. Det er òg behov for å styrkja systematikken som skal bidra til at vi arbeider kunnskapsbasert.

Ein kunnskapsbasert praksis skal kjenneteiknast av at prosessar og avgjerder både i den daglege, faglege praksisen og i større utviklingsarbeid skal vera grunngjeven i prinsipp og tilnærmingar som har kjend nytteverdi. Dersom det vi gjer ikkje har kjend nytteverdi, skal det leggjast til grunn ein framgangsmåte for den faglege praksisen som vert kjenneteikna av det som vert namngjeve som lovande praksis;







- Kjend nytteverdi: Evidensbasert kunnskap basert på kunnskapstriangelet.
- Lovande praksis: Kriteriebasert praksis som indikerer høgt sannsyn for nytteverdi.

Ei slik tilnærming kan nyttast når vi i praksisfeltet skal utvikla nyttig praksis innanfor eit område som er under utvikling.

Innanfor begge områda må det leggjast til grunn ein evaluierende praksis. Det vil seia at vi heile tida må søkja kunnskap som seier noko om at det vi gjer faktisk nyttar. Ein evaluierende praksis føreset at vi har klare mål for det vi gjer og at det løpande arbeidet kontinuerleg vert overvaka. Til dømes er FIT – feedback informerte tenester – ein evalueringsstruktur som kan nyttast i møte mellom til dømes ein rettleiar i NAV, rusomsorg, barnevern, psykisk helse og brukaren, for å sikra at vi arbeider systematisk og at det er til nytte for den familien eller personen som mottek hjelpa frå kommunen.

I det førebyggjande oppvekstarbeidet på systemnivå, vil ein evaluierende praksis vera avgjerande for å lukkast. Likeins vil førebyggjande praksis vera eigna. Det aller viktigaste i ein startfase av ein førebyggjande plan, er likevel å rydda i eige bu. Det vil seia at vi må gjennomgå eksisterande tiltak, tilbod og praksisformer innanfor oppvekstområdet og sjekka ut om dette er noko vi skal fortsetja med.

I denne prosessen må vi undersøkje om det vi held på med faktisk nyttar, og for kven. Altså ein evaluierende praksisgjennomgang. Etter at det er gjort må vi utvikla ein systematikk for den nye praksisen, som skildra over.

## 2.2 Ullensvang kommune sine mål og strategiar

Det overordna målet er ein utviklande, utfordrande og sunn kommune for alle. Det krev inkluderande fellesskap og tidleg innsats for å få dette til. Ullensvang kommune har som mål at alle barn og unge skal ha like sjansar uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnadar og utgangspunkt. Dette viser igjen i visjonen til sektor for oppvekst og utdanning:

### **“ULIKE UTGANGSPUNKT - LIKE SJANSAR”**

Det er difor viktig med tidleg og samordna innsats for å sikra mest mogleg effektiv bruk av ressursane i kommunen. Det er viktig å førebyggja utanforskap og leggja til





rette for at alle kan ta del i fellesskapet. For å jamna ut levekårsulikskap og fremja inkludering er det viktig å arbeida med å avskaffa barnefattigdom og integrera alle i lokalsamfunnet.

Alle barn har rett til eit TRYGT, GODT OG INKLUDERANDE barnehage- og skulemiljø. Arbeidet kring dette viktige temaet vil vera endå meir fokusert framover. Samarbeidet med heimane vil vera heilt avgjerande for å lukkast. (Spesifisert i Meld.st. 6 2019-2020 og rammeplanen for barnehagen (gjeldande frå 1.august 2017)).

Både Rammeplanen og Kunnskapsløftet gjev klare retningslinjer om retten som barn har til gode oppvekstvilkår med vekt på:

- eit godt psykososialt miljø
- null-toleranse for mobbing
- tilrettelegging og tilpassa opplæring etter behova og føresetnadene til barna
- høve for fysisk aktivitet ute og inne, både i undervisning og i pausar

Barnevernlova set den juridiske ramma rundt barnevernet sitt arbeid. Samstundes er det fleire andre prinsipp som er viktige i dette arbeidet. Barnvernlova tek utgangspunkt i tre grunnleggjande prinsipp:

- Barnets beste: *“Hensynet til barnets beste er det bærende hensyn i barnevernsretten, og er styrende for hva barnevernstjenesten kan foreta seg og for hvilke vedtak som kan fattes.”*

Prinsippet står så sterkt i barnevernsretten at det kjem til uttrykk i ein eigen bestemmelse i barnevernlova, § 4-1, som seier:

*“Ved anvendelse av bestemmelsene i dette kapitlet skal det legges avgjørende vekt på å finne tiltak som er til beste for barnet. Herunder skal legges vekt på å gi barnet stabil og god voksenkontakt og kontinuitet i omsorgen.”*

Bestemmelsen er plassert i kap. 4 (om særlige tvangstiltak) i lova, og det skal ved val av tiltak leggjast avgjerande vekt på kva som er det beste for barnet.

Barnevernlova speglar gjennom desse prinsippa og praksisen den alminnelege rettsoppfatninga for utøving av omsorg og inngrep i ein omsorgssituasjon.





Barnevernlova må sjåast i samanheng med ei rekkje andre lover, blant anna barnelova, som regulerer plikter og rettar i forholdet mellom barn og omsorgspersonar, og med FN sin barnekonvensjon. Norge er og forplikta til å følgja Barnekonvensjonen. I dei tilfella der det skulle oppstå motstrid mellom norsk lov og barnekonvensjonen skal tolkinga som er i tråd med konvensjonen gå framfor.

- Det biologiske prinsippet: *“Prinsippet innebærer at det er en presumpsjon for at det er i barnets interesse å vokse opp hos sine foreldre, selv om forholdene i hjemmet ikke nødvendigvis er optimale. Prinsippet går også ut på at foreldrene (selv om omsorgen må fratras dem) bør ha kontakt med barnet og foreldreansvaret for det.*

*Det biologiske prinsipp går ut på at man skal ivareta og respektere det båndet som skapes mellom foreldre og deres barn. Videre tilsier prinsippet at det er en egenverdi for barnet å vokse opp sammen med sine foreldre på grunn av den identitet som den biologiske tilknytningen de imellom skaper.*

*Det biologiske prinsipp tar utgangspunkt i at det er til barnets beste å ivareta den biologiske tilknytningen mellom foreldre og barnet – foreldrene har ingen selvstendig vernet interesse i å beholde barnet hos seg iht. prinsippet.*

*Det biologiske prinsipp er ikke uttrykt i lovens tekst, men er likevel å regne som et rettslig prinsipp i barnevernsretten, som må overholdes og hensyntas.”*

- Mildaste inngrep: *“Dette prinsippet går i hovedsak ut på at en alltid skal forsøke, eller i det minste vurdere, de mildeste inngrepene / tiltakene først.*

*Prinsippet kan betraktes som et slags forholdsmessighetsprinsipp for barnevernsretten - altså at det er en forholdsmessighet mellom det tiltaket barnevernet setter inn og situasjonens alvor.*


*Prinsippet kommer til uttrykk flere steder i barnevernloven, og er uansett å regne som et bærende og generelt prinsipp. I lovteksten kommer det til uttrykk i § 4-12, hvor det bestemmes at tiltak i hjemmet skal forsøkes før omsorgsovertakelse er aktuelt, og i reglene om at en skal forsøke omsorgsovertakelse før foreldre blir fratatt foreldreansvaret, jf. barnevernloven § 4-20.*





*I praksis får prinsippet størst betydning i situasjoner der vilkårene for å foreta et inngrep er oppfylt. Selv om vilkårene er oppfylt skal en alltid vurdere om en likevel kan løse situasjonen ved hjelp av et mindre inngripende tiltak.”*

<https://www.barnevernportalen.no/barnevernloven>

	UHOLDBAR	SÅRBAR	STABIL	BÆREKRAFTIG
	Familien er i en uholdbar situasjon hvis mange av disse kjennetegnene er tilstede	Familien er i en sårbar situasjon hvis mange av disse kjennetegnene er tilstede	Familien er i en stabil situasjon hvis mange av disse kjennetegnene er tilstede	Familien er i en bærekraftig situasjon hvis mange av disse kjennetegnene er tilstede
 Barnehage og skole	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplever å ikke bli sett og verdsatt for den de er / sterke smerteuttrykk</li> <li>• Store utfordringer knyttet til lek eller læring</li> <li>• Ingen opplevelse av mestring/ manglende forventninger</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplever å ikke bli sett og verdsatt for den de er / viser smerteuttrykk</li> <li>• Utfordringer knyttet til lek eller læring</li> <li>• Opplever liten grad av mestring / lave forventninger</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplever å bli sett og verdsatt</li> <li>• Opplever noen utfordringer knyttet til lek eller læring</li> <li>• Opplever mestring og tydelige forventninger</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplever å bli sett og verdsatt</li> <li>• Opplever glede ved å leke og ved å lære</li> <li>• Opplever mestring og tydelige forventninger</li> </ul>
Venner, fritid og nettverk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplever ikke vennskap</li> <li>• Ingen aktivitet på fritiden</li> <li>• Manglende nettverk</li> <li>• Ingen / en til to personer som er så nær at de kan regnes med om det oppstår personlige problemer</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Savner en god venn</li> <li>• Lite / sporadisk aktivitet på fritiden</li> <li>• Lite nettverk</li> <li>• En eller to personer som er så nær at de kan regnes med om det oppstår personlige problemer</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Har minst en god venn</li> <li>• Aktiv og meningsfull fritid</li> <li>• Tilstrekkelig nettverk</li> <li>• Tre til fem personer som er så nær at de kan regnes med om det oppstår personlige problemer</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Har flere gode venner</li> <li>• Aktiv og meningsfull fritid / faste fritidsaktiviteter</li> <li>• Flere enn fem personer som er så nær at de kan regnes med om det oppstår personlige problemer</li> </ul>
Helse og rus	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Uavklart helsesituasjon</li> <li>• Helseutfordringer som i stor grad preger livet / fører til ingen eller sterkt redusert arbeidsevne</li> <li>• Alvorlig rusproblemer</li> <li>• Dårlig samspill i familien / mye konflikter</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Uavklart/ avklart helsesituasjon</li> <li>• Helseutfordringer som i middles grad preger livet / fører til redusert arbeidsevne</li> <li>• Utfordringer med rus</li> <li>• Dårlig samspill i familien</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avklart helsesituasjon</li> <li>• Helseutfordringer som i liten grad preger livet / fører til noe redusert arbeidsevne</li> <li>• Ingen utfordringer med rus</li> <li>• Godt samspill i familien</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avklart helsesituasjon</li> <li>• Ingen helseutfordringer som preger livet eller arbeidsevnen</li> <li>• Ingen utfordringer med rus</li> <li>• Godt samspill i familien</li> </ul>
Arbeids-situasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lav eller ustabil arbeidsevne på grunn av helse-eller rusrelaterte utfordringer</li> <li>• Ingen eller svak tilknytning til arbeidslivet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Delvis arbeidsevne</li> <li>• Ufrivillig deltidsarbeid, eller midlertidig ansettelse</li> <li>• Ustabil tilknytning til arbeidslivet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Delvis eller full arbeidsevne</li> <li>• Deltids- eller heltidsarbeid</li> <li>• Fast tilsetting</li> <li>• God tilknytning til arbeidslivet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Delvis eller full arbeidsevne</li> <li>• Deltids- eller heltidsarbeid</li> <li>• Fast tilsetting</li> <li>• God tilknytning til arbeidslivet</li> </ul>
Økonomi og inntekt	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Inntekt under fattigdomsgrensen</li> <li>• Økonomiske problemer</li> <li>• Opplever sin økonomiske situasjon som svært problematisk</li> <li>• Ikke oversikt over egen økonomi</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Inntekt rundt fattigdomsgrensen</li> <li>• Mindre økonomiske problemer</li> <li>• Opplever sin økonomiske situasjon som ganske problematisk</li> <li>• Ikke oversikt over egen økonomi</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forutsigbar inntekt rundt eller over fattigdomsgrensen</li> <li>• Ikke økonomiske problemer</li> <li>• Opplever sin økonomiske situasjon som relativt uproblematisk</li> <li>• Delvis oversikt over egen økonomi</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Inntekt godt over fattigdomsgrensen</li> <li>• Ikke økonomiske problemer</li> <li>• Opplever sin økonomiske situasjon som uproblematisk</li> <li>• God oversikt over egen økonomi</li> </ul>
Bø-situasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ingen bolig eller en uholdbar midlertidig bosituasjon</li> <li>• Midlertidig bolig som er helt uegnet med tanke på størrelse og/eller tilstand</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Midlertidig bosituasjon</li> <li>• Bolig som er delvis egnet med tanke på størrelse og/eller tilstand</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mer langsiktig bosituasjon</li> <li>• Bolig som er egnet med tanke på størrelse og/eller tilstand</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Langsiktig bosituasjon</li> <li>• Eier egen bolig eller leier frivillig</li> <li>• Bolig som er egnet med tanke på størrelse og/ eller tilstand</li> </ul>
Tjeneste-tilbud	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikke tjenestene som trengs fra hjelpeapparatet / Tiltak har ikke effekt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Noe kontakt med hjelpeapparatet, men mangler nok og riktig oppfølging.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nok og riktig oppfølging fra hjelpeapparatet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sporadisk eller lite oppfølging fra hjelpeapparatet</li> </ul>

## Oppveksttilhøve og vilkår

Ullensvang sine mål og strategiar er forankra i Rundskriv Q- 16/2013. Samstundes må ein sjå på kva løysingar som kan vera med og bidra til å få til eit godt forebyggjande arbeid i kommunen. Ullensvang kommune er ein kommune med store avstandar, og synkande folketal.

Ullensvang kommune har fleire ulike tiltak innanfor universelle, selektive og indisererte tiltak. I arbeidsgruppa til forebyggjande plan - har vi vedteke å ha fokus på eksisterande tiltak - og vidareutvikla dei. Oppretting av nye tiltak er i utgangspunktet





ikkje ei målsetjing då me ser at dei eksisterande tiltaka er gode. I punkt 3. ligg det ei oversikt over tiltaka innanfor dei ulike nivåa. Samstundes har me valt å ha fokus på samhandling internt og eksternt i kommunen.

Formålet med planen er å styrkja det førebyggjande arbeidet og i tillegg ha fokus på dess tidlegare innsats, dess tidlegare effekt. I rapport frå Universitet i Stavanger (2022) kjem det fram at førebygging på tvers av tenester er avgjerande for eit barn sitt liv - alt før barnet er fødd. Rapporten er basert på eit fagmiljø som arbeider med barn og unge.

Ullensvang kommune gjev samanhengande tilbod frå helsestasjon til opplæring i barnehage og grunnskule. Vi følgjer kvart barn si utvikling tett og set inn ekstra innsats når det trengst.

Systematisk samarbeid mellom opplæringsnivå og andre faginstansar gjev oss tilgang til den samla kompetansen i kommunen. Vi har formålstenlege overgangsrutinar frå barna startar i barnehagen til dei går over i vidaregåande skule.

Ullensvang kommune skal sikra ein felles praksis for det tverrfaglege samarbeidet rundt barn og unge på alle nivå og skapa ei felles forståing og utgangspunkt for oppveksttilhøve for desse. Verksemdene skal ha dialog og vera til stades for barn og føresette. Dei skal og gje rettleiing om tilgjengelege og relevante støttetilbod.

Det er eit mål å sikra gode oppvekstvilkår for alle barn og unge. Trygge og sunne fritidstilbod er ein viktig del av oppveksten. Dei spelar ei sentral rolle i sosialiseringprosessen, og bør vera tilgjengelege for alle. Ulike utfordringar i barn og unge sitt liv, kan verka inn på i kva grad dei har høve til å delta ved ulike tilbod. Det gjeld økonomi, fysiske føresetnader, bustad og interesser. Talet på lag og organisasjonar vitnar om aktive og engasjerte innbyggjarar som er opptekne av lokalsamfunnet sitt.

## Arenaer for eit godt førebyggjande arbeid

Førebyggjande arbeid for barn, unge og deira familiar er kommunen sitt ansvar jf. rundskriv Barne- og familiedepartementet (2013). Målet med førebygging er langsiktig tenking og ei god investering for framtida - både økonomisk og helsemessig. For å gjennomføra dette i praksis er det difor viktig med tverrfagleg samarbeid. I Ullensvang kommune er det fleire arbeidsgrupper som arbeider førebyggjande.





Skilnaden er arbeidsoppgåvene, der nokre av gruppene arbeider administrativt medan andre arbeider utøvande og oppsøkjande.

Ullensvang kommune sin ruspolitiske handlingsplan har fokus på at arenaen for førebyggjande arbeid er avgjerande. Arenaer der konteksten ikkje er bestemt i forkant er viktig for å oppnå gode relasjonar med barn og unge (Røkenes & Hanssen, 2012). I Rundskriv "Forebyggende innsats for barn og unge" (2013) vert det teke fram kva som er viktig med oppvekst- og levekår. Den førebyggjande innsatsen må skje der barn og unge er - relasjonen og samspelet er avgjerande for samarbeidet.

**Familien:** Foreldre og føresette har den viktigaste rolla i oppveksten til eit barn, når det gjeld omsorg og samspel. Dette kan vidare ha betydning for barna si utvikling og korleis dei handterer ulike utfordringar i livet. Forsking viser at barn som opplever manglande omsorg frå foreldra har større risiko for å utvikla utfordringar på andre område.

**Lokalsamfunn:** Haldningar og normer i lokalsamfunnet kan påverka barn og unge sitt oppvekstmiljø. Den kulturelle delen av kommunen kan vera med å inkludera, ved barna si deltaking i aktivitet og oppleving av meistring. Samstundes kan lokalsamfunnet vera med på å fanga opp negative tendensar og hindra negativ utvikling.

**Barnehagar og skular:** Gode barnehagar fremjar språkutvikling, læring og sosial kompetanse. Gjennom god omsorg og trygg vaksenkontakt kan barnehagen i tillegg vera ein kompensasjon for belastninga barnet eventuelt opplever i heimen. Skulen er meir enn berre læring - barnet får høve til å oppleva sosialisering, venskap og kjensla av tilknytning. Både skular og barnehagar kan vera med å oppdaga og hjelpa utsette barn og unge, til dømes ved å senda bekymringsmelding til barnevernet. Slike tilfelle av handling innber og at ein må samhandla med foreldre og andre tenester.

**Helsestasjons- og skulehelsetenesta:** Gjennom tverrfagleg samarbeid kan helsestasjons- og skulehelseteneste bidra til å skapa eit trygt oppvekst- og læringsmiljø. Helsestasjonen har oppfølging med alle barn fram til skulealder, då skulehelsetenesta tek over. På skulen kan denne tenesta vera oppsøkjande og arbeida førebyggjande på barn og unge sin arena.

**Fritid og fritidstilbod:** Mange barn deltek på ulike fritidsaktivitetar - idrettslag, kulturskule osv. Varierte fritidstilbod gjev rom for at alle med ulike interesser og ressursar kan utfalda seg og oppleva meistring. Det er eit av kommunen sine ansvarsområde, å leggja til rette for varierte tilbod. Erfaringsmessig er det fleire barn





og unge som ikkje deltek ved organisert aktivitet, og difor må ein leggja til rette for uorganiserte fritidsarenaer. Til dømes leikeplassar, møtestader, allaktivitetsanlegg, nærmiljøanlegg og ungdomsklubbar.

**Internett:** Dei siste åra har internett teke store delar av kvardagen til einskilde - og barn og unge sin kvardag. Dei nyttar internett som ein møtestad og er sosiale via ulike sosiale medier. Dette har vore med og forårsaka fleire problemstillingar ein ikkje hadde for 5-10 år sidan. Forsking viser at risikoen for å verta utsett for mobbing, sjikanering og andre krenkande tilhøve er mykje større no enn tidlegare. Det er elles viktig å understreka at norske barn ligg langt over det europeiske snittet når det gjeld ferdigheiter på nett, og dei nyttar fleire positive moglegheiter internett gir.

## Folkehelse

### “§ 1. Formål

*Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.*

### § 4 Kommunens ansvar for folkehelsearbeid

*Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.*

### § 6. Mål og planlegging

*Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplaner etter plan- og bygningsloven kapittel 11 fastsette overordnede mål og strategier for folkehelsearbeidet som er egnet til å møte de utfordringer kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten etter § 5 annet ledd.*

### § 7. Folkehelsetiltak

*Kommunen skal iverksette nødvendige tiltak for å møte kommunens folkehelseutfordringer, jf. § 5. Dette kan blant annet omfatte tiltak knyttet til oppvekst- og levekårsforhold som bolig, utdanning, arbeid og inntekt, fysiske og sosiale miljøer,*





*fysisk aktivitet, ernæring, skader og ulykker, tobakksbruk og alkohol- og annen rusmiddelbruk.*

*Kommunen skal gi informasjon, råd og veiledning om hva den enkelte selv og befolkningen kan gjøre for å fremme helse og forebygge sykdom.”*

## 3. Førebygging

Med bakgrunn i tidlegare kommunale planar i Ullensvang kommune har inndelinga av førebygging blitt organisert slik:

- Universell (makro)
- Selektiv (meso)
- Indisert (mikro)

Det er viktig å leggja til grunn at all førebyggjande innsats kan verta sett i verk på alle dei ulike nivåa. Kommunen har eit breitt spekter av verkemiddel i det førebyggjande arbeidet gjennom tiltak og tenester.

Barnevernstenesta, helse- og omsorgstenesta og spesialisthelsetenesta har gode tiltak retta mot utfordringar hjå barn/unge og deira foreldre. Barnevernstenesta har i tillegg eit ansvar for å iverksetje hjelpetiltak ved behov, i samanheng med omsorgssituasjon og åtferd. Det er viktig at ein ikkje skal kompensera for manglande innsats hjå andre sektorar-/tenester. Kunnskap og vern er ein føresetnad for å kunna iverksetja desse tiltaka.

### 3.1 Kartleggingstiltak

Kartleggingstiltak	Målgruppe	Skildring og hensikt	Utvikling
Foreldreundersøkinga	Barn i barnehage	Resultata frå foreldreundersøkinga vert brukt av barnehagen og barnehageeigar som ei hjelp til å vurdere og utvikla barnehagetilbodet. Barnehagen nyttar resultata i dialogen med foreldra.	Nytt at undersøkinga er obligatorisk og kvart år







Ungdata	Elevar 5.-10.trinn	Resultata frå Ungdata vert brukt som kunnskapsgrunnlag i førebyggjande ungdomsarbeid og anna arbeid retta mot ungdom, samt i politikktutvikling og styring lokalt og nasjonalt. I tillegg vert Ungdata brukt i undervisning og til forskning. Ungdata gjev høve til å analysa regionale variasjonar og trendar over tid, og til å gå i djupna innanfor ulike tema. For kommunar og fylkeskommunar er Ungdata eit kartleggingsverktøy som eignar seg til bruk innanfor oppvekst- og folkehelseområda.	Ny versjon 2024. Samstundes nytt at Ullensvang kommune tek med barnetrinnet i gjennomføring av undersøkinga.
Elevundersøkinga	Elevar 8.-10.trinn	Elevundersøkinga er eit viktig verktøy for vidareutvikling og kvalitetssikring av læringsmiljøet til elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Undersøkinga er obligatorisk. Det høge talet på deltakarar gjev eit unikt høve til å kartleggja det psykososiale miljøet blant elevar i heile landet og til å sjå endringar frå år til år.	Ny versjon 2024.
Familiekartlegging i regi av sosialtenesta hjå NAV	Familiar med barn under 18 år som søker økonomisk sosialhjelp	Kartleggja familien og barna sin situasjon og behov for støtte / hjelp	

## 3.2 Universell førebygging

Universell førebygging omfattar innsats mot heile befolkninga, utan at det er spesifisert individ eller grupper i risiko.

Tiltak	Skildring	Ansvar
Fastlege	Alle innbyggjarar i Ullensvang kommune har rett på ein fastlege	Helse og sosial
Barnehage	Alle barnehagane i Ullensvang jobbar ut frå eit felles verdigrunnlag og etter rammeplan for barnehage	Oppvekst og utdanning





Grunnskule	Alle skulane arbeider ut frå eit felles verdigrunnlag og læreplanen	Oppvekst og utdanning
Skulefritidsordning	SFO for barn 1.-4.klasse, og barn med særskilte behov 5.-7.klasse (Gratis 12.timar pr. veke SFO til 1. og 2. klasse).	Oppvekst og utdanning
Ullensvang kulturskule	Opplæring innanfor musikk, dans, drama, kunst og handverk og liknande	Kultur, næring og samfunn
Frivillige organisasjonar	Ullensvang kommune legg til rette for samhandling med idrettslag og andre frivillige organisasjonar som arbeider for å fremja barn og unge si fysiske og psykiske helse	Kultur, næring og samfunn
SLT	Arbeider førebyggjande på fleire nivå	Oppvekst og utdanning
Krisesenter Vest	Menn/kvinner/barn som blir utsett for vald/trugslar i nære relasjonar	
Mobbeombodet i Vestland	Eit tilbod til alle barn og unge, og deira foreldre, som opplever å ikkje ha det bra i barnehage eller på skulen	
Familievernkontoret	Samtalar/terapi for barn/vaksne/par/familiar	
Konsultasjonsteam for vald og seksuelle overgrep	Konsultasjonsteam er eit lågterskeltilbod til alle som har ei uro knytt til barn som kan vera utsett for vald eller seksuelle overgrep	Oppvekst og utdanning
E D GREITT?	Kompetanseløft vald og seksuelle overgrep for alle barnehagar og skular. Eit undervisningsopplegg som er modnings-/aldertilpassa frå 3 år til 10. trinn.	Oppvekst og utdanning
Svangerskapsomsorg	Svangerskapskonsultasjonar hjå jordmor/fastlege	Oppvekst og utdanning
Helsestasjon for sped-/småbarn	Helsestasjonsteneste for barn 0-5 år på alle dei ulike helsestasjonane i kommunen.	Oppvekst og utdanning
Skulehelsetenesta	Ei forlenging av helsestasjonstilbodet. Arbeider for å fremja barna si helse og trivsel og dessutan førebyggja sjukdom og skade.	Oppvekst og utdanning
Helsestasjon for ungdom	Eit gratis tilbod til ungdom i alderen 13-23 år.	Oppvekst og utdanning
Årleg undervisning i regi av SLT	4.-10.trinn: Ein skuletime generell førebyggjande undervisning 7. trinn: 90 min undervisning. Politiet sitt	Oppvekst og utdanning





	undervisningsopplegg knytt til nettvevt, "Delbart". 9. trinn: 90 min undervisning om rus- og psykisk helse saman med erfaringsmedarbeidar	
Spesialpedagog i barnehage	Spesialpedagog-ressursen er flytta ut til den einssilde barnehage. Spesialpedagogen vil vera knytt opp til spesialpedagogiske oppgåver; arbeid med språkutvikling - særleg knytt til fleispråklege barn, lågterskeloppgåver, rettleiing/kompetanseheving, utviklingsarbeid i den einssilde barnehage, inkluderingsarbeid og enkeltvedtaksarbeid.	Oppvekst og utdanning
Støtteressurs i barnehage	Kvar barnehage har vorte styrka med ekstra ressurs som er knytt opp til tidleg innsats. Ressursen skal bidra til at barn får nødvendig hjelp og at eventuelle vanskar/utfordringar vert arbeidd med på eit tidleg tidspunkt, slik at barnet blir betra rusta til å meistra utfordringar. Ressursen kan vera knytt opp til enkeltbarn som har vedtak etter barnehagelova § 37 - <i>barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen</i> , eller til barnegruppa.	Oppvekst og utdanning
Styrking av grunnbemanning i barnehagen - åpningstid og pedagogisk plantid	Grunnbemanninga i barnehagane er styrkja med ekstra ressurs til å dekkja opningstid ut over 9 timar, og 4 timar per pedagogisk leiar som går til å dekkja avtalefesta pedagogisk plantid. Dei fleste barn går i barnehagen kvar dag, og dei fleste har lange dagar. Høg barnehagekvalitet i form av god og kvalifisert bemanning, og dessutan små barnegrupper, er avgjerande for utviklinga og trivselen til barnet.	Oppvekst og utdanning
"Se barnehagebarnet innenfra"	Formålet er kompetanseheving av dei tilsette i barnehagane i høve relasjonsarbeid inn mot barna. Kurset gjev ei fordjuping i korleis ein nyttar kunnskap frå utviklingspsykologien og boka «Se barnet innenfra» for alle barn, men særleg dei barna som treng den trygge relasjonen aller mest.	Oppvekst og utdanning
"Se eleven innenfra"	Formålet er å kompetanseheva alle dei tilsette i skulane i høve dette tilknytningsbaserte programmet. Programmet handlar om å formidla relasjonspsykologi til alle som arbeider i skulen. <i>"Trygghet er et begrep som aldri diskuteres i den grad at ingen er uenig i at trygghet er viktig"</i> , kurshaldar Stig Torsteinson.	Oppvekst og utdanning
"Zippys venner" - livsmeistring i skulen - Voksne for barn.	1-4. klasse: "Zippys venner" omhandlar handtering av kjensler, kommunikasjon, venskap, konflikter og endringar i livet. Målsetjinga med programmet er at elevane skal læra	Oppvekst og utdanning





	livsmeistring, finna gode meistringsstrategiar når dei møter kvardagsproblem, støtta andre og oppretthalda god psykisk helse.	
“Passport” - livsmeistring i skulen - Voksne for barn.	5-7. klasse: “Passport” har dei same måla og det same teoretiske grunnlaget som “Zippys venner”. “Passport” skal bidra til livsmeistring og god psykisk helse. I tillegg skal det bidra til å førebyggja mobbing på 5.-7.trinn gjennom å legge til rette for støttande relasjonar, inkludering og venskap.	Oppvekst og utdanning
“Drømmeskolen” - livsmeistring i skulen - Voksne for barn.	8-10.klasse: “Drømmeskolen” er ein modell for å jobbe systematisk med psykisk helse, livsmeistring og inkludering i ungdoms- og vidaregåande skular. Målet er å skapa eit godt læringsmiljø der elevane opplever tryggleik og tilhøyrse.	Oppvekst og utdanning
Barne- og ungdomskontakt	Barne- og ungdomskontakten skal arbeida førebyggjande inn mot barn og unge - på alle tiltaksnivå	Oppvekst og utdanning
“Ung i jobb”	Ungdom frå 13. - 18. år kan søkja jobb i kommunen	Oppvekst og utdanning
Rusfritt 16. mai-arrangement	Ungdom f.o.m. 7. klasse t.o.m. 3. vgs: Delta på rusfritt arrangement 16. mai - med konsert og aktivitetar.	Oppvekst og utdanning
Open skule	Gratis fritidstilbod for ungdom f.o.m. 7. klasse og oppover - på Odda vidaregåande skule	Oppvekst og utdanning

### 3.3 Selektiv førebygging

Selektiv førebygging er tiltak retta mot grupper med kjend og/eller høg risiko for utfordring. Desse tiltaka skal motverka negativ utvikling for barn og unge og deira foreldre/føresette.

Tiltak	Skildring	Ansvar
Helsetenester for asylsøkjjarar, flyktingar og familiegjenforente	Hjelpa brukarane slik at nødvendig helsehjelp vert gjeve, og at dei vert sjølvhjelpne i høve det å skaffa seg nødvendig og rett helsehjelp.	Oppvekst og utdanning





Barn med spesielle behov - barnehage	Individuell tilrettelegging av barnehagetilbod for barn med nedsett funksjonsevne.	Oppvekst og utdanning
Barn med spesielle behov - skule	Individuell tilrettelegging av skuletilbod for barn og unge med nedsett funksjonsevne	Oppvekst og utdanning/ Helse og omsorg
Familiekoordinator hjå NAV	For foreldre som søker økonomisk sosialhjelp, som har barn under 18 år / som sjølv tar kontakt med NAV.	Kultur, næring og samfunn
Barnekoordinator	Familien har rett til barnekoordinator når følgjande vilkår er oppfylt: Familien ventar barn eller har barn under 18 år. Barnet har alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne. Barnet vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester. Barnekoordinatoren skal koordinera velferdstenester til familien og barnet og passe på at kommunen ivaretek ansvaret sitt for oppfølging og tilrettelegging.	Oppvekst og utdanning
Ambulerande team	Ambulerande team er organisert som eit team direkte under kommunalsjef for oppvekst og utdanning, og Isabella Helland er leiar for teamet.  Ambulerande team arbeider på kommunalt nivå, det vil seia mot fleire skular og barnehagar i kommunen. Teamet har møte på skulane og i barnehagane etter behov.  Teamet er ei fagleg og administrativ eining. Dei arbeidar for å utvikla læringsmiljøet i skule og barnehage, og for å førebyggja utfordringar barn og unge kan få, og for å redusera utfordrande åtferd.	Oppvekst og utdanning
Ressursteam	Ressursteamet har som mål å bidra til tidleg innsats og tverrfagleg fokus i høve barn og unge, individuelt eller på ulike miljø som vekker bekymring.	Oppvekst og utdanning
Cool kids	Cool Kids, er eit evidensbasert kognitiv åtferdsterapeutisk program for behandling og førebygging av angstlidingar/angstsymptom hjå barn (7-12 år) og ungdom (13-18 år). Målet med Cool Kids er å læra barn og ungdom ferdigheiter som gjer dei betre rusta til å handtera angst og bekymring.	Oppvekst og utdanning
COS-P / Trygghetssirkel	Circle of Security-Parenting (COS-P) / Trygghetssirkel er ei gruppe foreldrerettleingsintervensjonar. Desse er	Oppvekst og utdanning





	<p>utvikla for å fremja sensitiv og affektiv kommunikasjon med barnet slik at barnet si tryggleikskjensle og sjølvforståing aukar. COS-P passar for alle småbarnsforeldre som ynskjer å læra meir om korleis du kan sjå barnet innanfrå og forstå åtferdsmønsteret deira. Dette vil igjen vera med og bidra til ein meir harmonisk og reguleringsstøttande familiedynamikk.</p>	
Opp Mot	<p>Tiltaket arbeider førebyggjande med fokus på samhandling i grupper, fremjing av sosial/emosjonell læring og tru på egne ressursar. Undervisninga skjer gjennom gruppebasert opplæring og finn stad ved alternative arenaer for undervisning.</p> <p>Tiltaket legg vekt på høg elevaktivitet og praktiske arbeidsmetodar.</p> <p>Elevar som ikkje har utbyte av ordinær undervisning og treng spesialundervisning, kan få delar av denne undervisninga si ved Opp Mot læringscenter. Den alternative opplæringa må vera heimla i eleven sitt enkeltvedtak for spesialundervisning.</p>	Oppvekst og utdanning
Barn som pårørende	<p>Skal bidra til å ivareta mindreårige barn sine behov for informasjon og oppfølging, som følgje av foreldre eller sysken som har ein sjukdom, skade eller rusmiddelavhengnad.</p> <p>Helsepersonell må kartleggja om pasienten har mindreårige barn eller mindreårige sysken.</p>	Oppvekst og utdanning-/Helse og omsorg
Ferietilbod	<p>Gratis ferietilbod for barnefamiliar. Tilgjengeleg å søkja på for alle, men levekårsutsette barnefamiliar vert prioritert når det er mange søkjarar.</p>	Kultur, næring og samfunn
Sommarjobb for ungdom	<p>Kommunen tilrettelegg for sommarjobb for vanskelegstilt ungdom</p>	Kultur, næring og samfunn Oppvekst og utdanning

### 3.4 Indisert førebygging





Indisert førebygging er tiltak retta mot enkeltindivid med høg risiko for utfordring, eller at personen allereie er i ein risikosituasjon.

<b>Tiltak</b>	<b>Skildring</b>	<b>Ansvar</b>
Logoped	Logopeden arbeider direkte med barn, unge og vaksne med språk-, tale- og kommunikasjonsvanskar. Tenesta arbeider indirekte i form av rådgjeving til føresette, barnehage og skule.	Oppvekst og utdanning
Avlastning	Foreldre/føresette som har barn med særskilte behov i form av sjukdom/diagnosar har rett til avlastning etter helse og omsorgstenestelova.  Barn som lever under forhold som kjem under barnevernslova har rett avlastning i form av støttefamiliar/fritidskontakt.	Helse og omsorg / Barnevern
Fritidskontakt	Foreldre/føresette som har barn med særskilte behov i form av sjukdom/diagnosar har rett til fritidskontakt etter helse og omsorgstenestelova.  Barn som lever under forhold som kjem under barnevernslova har rett til avlastning i form av fritidskontakt.	Helse og omsorg / Barnevern
Individuell plan (IP)	Individuell plan basert på ein skilde barn/ungdom sine behov. Planen skal oppdaterast, og skildrar tenesta-/ene og samhandling på tvers av desse.	Alle
Foster-/beredskapsheim	Barn som lever under forhold som kjem under barnevernslova vil i nokre situasjonar ha behov for fosterheim/beredskapsheim.	Oppvekst og utdanning
COS-P	CoS-P kurset skal hjelpe foreldre til å forstå barnet betre ved å lære å sjå behova bak åtferda. Kurset skal også hjelpe foreldre til å verta tryggare i foreldrerolla.	Oppvekst og utdanning
Tidleg intervensjon	Formålet med opplæringsprogrammet "Tidlig Inn" er at gravide og småbarnsfamiliar får kompetent hjelp tidleg på områda rus, psykisk helse og vald gjennom tverrfagleg samarbeid. Målgruppa får opplæring i kartleggingsverktøy og metodar for samtale om rus, psykisk helse og vald for å sikra ei forsvarleg teneste.	Helse og omsorg, Oppvekst og utdanning, Kultur næring og samfunn
Spør oss	PPT er tilgjengeleg for drøfting av individ- og systemsaker ein dag i veka. Dei kan hjelpe til med rettleiing, tiltak og drøfting i	Oppvekst og utdanning





	ein tidleg fase av ei bekymring. PPT ynskjer å koma tidlegare inn med rettleiing, slik at skulane og barnehagane kan iverksetja og evaluera tiltak, før ei vurdering av tilmelding.	
Ressursfamiliar for einslege mindreårige flyktningar	Ressursfamiliane si oppgåve er å bidra til oppfølging og integrering av einslege mindreårige flyktningar, og dessutan inkludera den einskilde ungdom i familieaktivitetar.	Kultur næring og samfunn
ICDP-rettleiing	Foreldre med flyktningbakgrunn får ICDP-foreldrerettleiing gjennom introduksjonsprogrammet	Kultur næring og samfunn

### 3.5 Samhandling

Tverrfagleg samarbeid er ein føresetnad for det førebyggjande arbeidet i kommunen. Dette for å sikra at barn og unge får rett hjelp til rett tid. Dette er eit felles ansvar, og alle som arbeider rundt barn, unge og familiar skal samarbeida for å betra og styrkja tilbodet.

Kommunen har ansvar for at dei ulike tenestene tilbyr og yt dei tenestene den einskilde har krav på etter lova. Samhandling på tvers av tenestene er difor avgjerande for å gi eit heilskapeleg -/koordinert tilbod jf. velferdslova, barnevernlova, helse- og omsorgstenestelova, opplæringslova, friskulelova, sosialtenestelova, krisesenterlova og integreringslova.

Ullensvang kommune har sidan 2020 jobba med betre tverrfagleg innsats (BTI) for å styrkja samhandlinga mellom tenestene og utarbeida eit system for å fanga opp risikoutsette barn og unge. BTI er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er uro knytt til.

Samhandlingsarena	Skildring
Ambulerande team - knytt til åtferd	Samarbeidsmøte med skule - der aktuelle tenester deltek. Møteplikt for samtlege.
Ressursteam	Samarbeidsmøte med ulike instansar som arbeider med barn og unge. Ressursteamet skal om nødvendig kunna setja inn tiltak for enkeltindivid/grupper. Teamet skal samstundes arbeida for felles tiltak som kan bidra til auka trivsel for barn og unge i kommunen. Møta er sett til fire gonger i året, men kan aukast om nødvendig.







Tidleg intervensjon	Faste møte i høve gravide det er bekymring rundt, i høve omsorg til barnet. Aktuelle tenester deltek.
Politiråd	Overordna samarbeid mellom kommune og politi om rus-/kriminalitetsførebyggjande arbeid
SLT	Felles samarbeidsmøte - politi, NAV og ulike instansar frå kommunen. Inntil fire gonger i året.
Konsultasjonsteam - vald og seksuelle overgrep	Månadlege møte der møtestad varierer frå gong til gong.
Møte: kommunalleiar	Leiar møte for rådmann og alle kommunalleiarane i kommunen.
Møte: Verksemdsleiar	Kommunalleiar kallar inn alle verksemdsleiarane i si teneste til felles møte.
Møte: Avdelingsleiar	Verksemdsleiar kallar inn alle avdelingsleiarane i si teneste til felles møte.
Møte: Avdelingsmøte	Verksemds-/avdelingsleiar kallar inn til avdelingsmøte med andre tilsette.
Leiarsamlingar	Samling for alle leiarane i kommunen - for å sikra felles informasjon, opplæring o.l.
Overgang - barnehage til barneskule	Felles informasjonsmøte mellom barnehage og skule. Ekstraordinært møte ved eventuelt annan informasjon knytt til enkeltbarn/gruppe.
Overgang - barneskule til ungdomsskule	Felles informasjonsmøte mellom barneskule og ungdomsskule. Ekstraordinært møte ved eventuelt annan informasjon knytt til enkeltbarn/gruppe.
Overgang - ungdomsskule til vidaregåande	Felles informasjonsmøte mellom ungdomsskule og vidaregåande skule. Ekstraordinært møte ved eventuelt annan informasjon knytt til enkeltungdom.
Ansvarsgruppe	I saker der barnet/ungdommen nyttar seg av fleire tenester blir det oppretta ei ansvarsgruppe med ein koordinator.
Busetjingsmøter ved busetjing av flyktingar	Ved busetjing av nye flyktingar vert alle involverte verksemdar invitert til felles møte for å førebu, planleggja og koordinera tenestetilbodet til den einskilde flyktingfamilie.
Ungdomsråd	Representantar frå kommunen deltek i ungdområdet, etter behov-/lynskje.





## 3.6 Utfordring

### Avstandar

Ullensvang kommune er ein kommune på ca. 3200 kvm med ein befolkningstettleik på 3,75 innb. per km (<https://no.wikipedia.org/wiki/Ullensvang>). Ein ser at avstandane til tider kan bli store, og det kan gjera det tverrfaglege samarbeidet utfordrande. Dette vil vidare påverka tilbodet til den einskilde. Utfordringane har ført til at det etter kvart har vorte etablert fleire fora med høve for både digital- og fysisk deltaking.

Avstandsutfordringa viser seg og innanfor beredskap og sivile tenester. Med bakgrunn i geografisk utstrekning er det per idag store utfordringar med å meistra responstida til blant anna brann, politi og ambulanse.

Synleg politi er naudsynt knytt til det førebyggjande arbeidet. Ullensvang kommune er gode på samarbeid med denne tenesta, som bidreg til låg terskel for kontakt ved behov. Likevel ser ein at og her er avstandane ein utfordring. Politiet sitt ansvarsområde har stor geografisk utstrekning, saman med låg bemanning (særlig ettermiddag-/kveld-/natt). Dette gjer det vanskeleg å vera synleg alle stader. Politikontakten har mange oppgåver, og det er difor ein stor fordel at denne personen samhandlar tett med aktuelle personar i kommunen.

### Bemanning og kompetanse

Bemanning i kommunane er ei nasjonal utfordring - dette kjem også til syne i Ullensvang. I høve arbeid med barn og unge har Ullensvang ein utfordrande situasjon, med mangel på personale blant anna i oppvekstsektoren. Den siste tida har det vore utskifting i leiargruppa i fleire tenester. Å arbeide førebyggjande med denne problematikken, er utfordrande. Kontinuitet og informasjonsflyt vert vanskeleg, noko som igjen påverkar brukarane (barn, elev, føresette, tilsette ol.). Den siste tida har derimot kommunen fått leiargruppa på plass, og ein ser ei positiv utvikling, der føreseielegheit for alle partar er avgjerande. Målet framover er å skape gode arbeidsforhold for kvar teneste og vidareutvikla tenestetilbodet for brukarane. I tillegg er rett kompetanse avgjerande innanfor alle fagfelt. Ullensvang kommune opplever som elles i landet at tilsette byter fagfelt internt og eksternt i kommunen. Dette fører til at einskilde tenester over tid kan gå underbemanna, og det fører igjen til auka belastning og forringar kvaliteten i tenesta.





## Flyktning og inkludering

Som følgje av flyktningssituasjonen i landet, opplever kommunen at samtlege tenester vert pressa. Auken i talet på flyktningar utfordrar tenestetilbodet til kommunen. Busetjing, språk, helse og generell livsmeistring er utfordringar som fleire av denne gruppa har.

## Barnefattigdom

Å veksa opp i fattigdom påverkar livet til både barn og unge. Kommunen har hatt eit aktivt fokus på barnefattigdom, og dette har resultert i oppretting av stillingane barnekoordinator og familiekoordinator. Samstundes har kommunen delteke ved fleire prosjekt med mål om auka samhandling rundt låginntektsfamiliar. I arbeidet med dette ser ein allereie gode resultat.

## Barnevern

Ein ser ei radikal auke i bekymringsmeldingar til barnevernet. Årsaka er barn med åtferdsvanskar, vald i nære relasjonar og psykiske uhelse i familien. Dette utfordrar barnevernet med tanke på tverrfagleg samhandling internt og med helseføretak og statleg barnevern. Mange av hjelpetiltaka som bufetat tidlegare har ytt til desse familiane, er no kommunen sitt ansvar. Barnevernsreforma frå 2022 utfordrar kommunen økonomisk, ved at statleg finansierte stillingar vart fjerna, og kommunen må sjølv finansiere dette. Institusjonstiltak og dyre fosterheimstiltak kan ein ikkje lenger få statleg refusjon for. Samstundes er rekruttering og etablering av støttefamiliar og fosterfamiliar tidkrevjande.

## **4. Uttale frå sektorar som arbeider med førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar - knytt til barn/unge og deira familiar.**

### 4.1 Oppvekst og utdanning





## Barnehage

Barnehagen er eit frivillig tilbod for barn mellom eitt og fem år. I Ullensvang kommune går dei fleste barn i barnehage, og for barnehageåret 2022/2023 var 83,7% av barna mellom eitt og to år og 96% av barna mellom tre og fem år i barnehage.

Ullensvang kommune har 13 barnehagar. Barnehagen utgjer første fase i barn sitt organiserte opplæringsløp. Her blir det lagt eit viktig grunnlag for at barn skal lukkast. Barn i barnehagen skal få opplevingar, erfaringar og kunnskap som gjer at dei kan byrja på skulen med tryggleik, nysgjerrigheit og tru på eiga meistring. Det blir lagt til rette for at barn får fridom til å leika, oppleva magiske augneblinkar og påverka sin eigen barndom. Læringsmiljøet skal vera utviklande for sosial- og språkleg kompetanse.

Leiarteamet til barnehagane består av styrar og dei pedagogiske leiarane/ barnehagelærarane. Leiarteamet har det pedagogiske ansvaret og skal jobba med fagutvikling og kompetanseheving blant personalet. Dei skal og etablera eit godt samarbeid med foreldre og andre avdelingar i kommunen. Tverrfagleg samarbeid er ein føresetnad for det førebyggjande arbeidet. Dette for å sikra at barn og unge får rett hjelp til rett tid. Her nyttar barnehagane arbeidsmetodikken BTI (betre tverrfagleg innsats) og det digitale samhandlingsverktøyet Stafettlogg.

## Skule

Barn og unge i alderen 6 – 16 år har lovmessig rett til grunnskuleopplæring. I Ullensvang kommune er det 10 grunnskular. Alle barneskulane i kommunen har tilbod om SFO for barn i 1.-4. trinn, og barn med særskilte behov opp til 7. trinn. Arbeidet i skulane skal handla om å setja barn og unge i stand til å møte framtida med tryggleik og forankring i identiteten-, kunnskapen- og evnene sine. Dei tilsette i skulane har eit overordna ansvar for å førebyggja og vera observante vaksne i samvær med elevane. Skulane skal til ei kvar tid vera opptekne av å vera gode læringsarenaer, der opplæringa er av høg kvalitet og der meistring, læringsglede og trivsel er sentralt.

Tidleg innsats er eit omgrep som gjeld på mange område, og det har vorte laga fleire definisjonar av ulike fagfolk og frå statleg hald. Felles for definisjonane er at tidleg innsats vil seia at ein grip inn i livet til eit barn så snart ein oppdagar at utfordringane oppstår og vert avdekka; førebyggja betre og avdekka tidlegare. Tidleg innsats skal vera fokus i alle skular, og skulane har nedskrivne rutinar som skal sikra tidleg identifisering av elevar med behov og gi eit betre samordna hjelpetilbod. Det skal





vera eit dokumentert samarbeid mellom skule og helse der samarbeid er nødvendig til det beste for eleven. Skulane har årshjul med innhald som; praksis for kartlegging, tett samarbeid med føresette og BTI. Arbeidsmetodikken BTI skal medverka til at barn og unge kan få nødvendig og samordna hjelp så tidleg som mogleg, for å unngå skeivutvikling og redusera skade.

## Helsestasjonstenesta

Helsestasjonen har kontakt med nær **alle** familiar og barn og ungdom 0-20 år og skal tilby heilskapeleg tilbod til denne målgruppa gjennom helsestasjonsprogrammet utgjeve av Helsedirektoratet. Helsestasjonsprogrammet omfattar helseundersøkingar, vaksiner, oppsøkjande verksemd, helseopplysning og rettleiing om korleis ein kan førebyggja sjukdom og skadar. Målet med helsestasjonsprogrammet er å førebyggja, avverga og avdekka vald, overgrep og omsorgssvikt og tidleg avdekka fysiske og psykiske utviklingsavvik. Dessutan skal det bidra til at barn og unge får den oppfølginga dei treng med ei eventuell tilvising.

Helsestasjonen er inndelt i svangerskapsomsorg, helsestasjon for sped- og småbarn 0-5 år, skulehelsetenesta 6-16 år og dessutan vidaregåande elevar og helsestasjon for ungdom (HFU) 13-23 år.

## Svangerskapsomsorg

Svangerskapsomsorg gjev alle gravide tilbod om gratis oppfølging hjå jordmor og/eller fastlege. Den gravide får tilbod om ni svangerskapskonsultasjonar inkludert fosterdiagnostikk og ultralyd. Ved behov vert det gjeve ekstra oppfølging utover basisprogrammet.

Gjennom nasjonale retningsliner for svangerskapsomsorga, vert det gjeve rutinemessig valdskartlegging av alle gravide.

Jordmor er i ei særstilling når det gjeld å hindra at barn vert fødd inn i vald, gjennom tidleg livsstilssamtale i starten av graviditeten, som grunnlag for oppfølging av paret i svangerskapet, under fødselen og i barselperioden. Ved avdekking av vald vil jordmor bidra til vidare oppfølging av familien i den tverrfaglege tiltakskjeda - BTI - gjennom kommunen.





## Helsestasjon for sped- og småbarn

Formålet med helsestasjonen er å fremja fysisk, psykisk og sosial utvikling hjå sped- og småbarn og at foreldre opplever meistring i foreldrerolla. Helsestasjonstenesta består av helsejukepleiar, helsestasjonslege og kommunepsykolog. Det vert og samarbeidd med fastlegar, andre tenester for barn og unge i kommunen og spesialisthelsetenesta. Helsestasjon for sped- og småbarn 0-5 år, er eit lett tilgjengeleg tilbod for barn og foreldre, der helsestasjonen tilbyr regelmessige konsultasjonar etter eit standardisert program frå Helsedirektoratet med 14 konsultasjonar. Første kontakt er heimebesøk til nyfødde og siste konsultasjon er når barnet er 4 år. Helsesjukepleiar viser animasjonsfilmen "I trygge hender", som har til hensikt å forebyggja, avdekka og avverga vald mot små barn, til alle nybakte foreldre. Alle mødre vert gjeve ein eigen time når barnet er omlag 8 veker der det vert utført screening for barseldepresjon ved hjelp av Edinburgh Postnatal Depression Scale (EPDS) med påfølgjande samtale med helsesjukepleiar. Ved behov vert ekstra støttesamtalar tilbode. Det vert under konsultasjonane gjort observasjon og samtala om vald, overgrep og omsorgssvikt. Foreldrepakka frå Stine Sofie-stiftelsen vert nytta som verktøy og er eit universelt informasjonsprogram for alle blivande og nybakte foreldre. Programmet skal styrkja foreldrerolla, gje støtte og verktøy til å handtera det som er krevjande, og forebyggja situasjonar som er utrygge og farlege for barnet.

## Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta er eit helsetilbod på skulen for barn og ungdom i form av helseundersøking, vaksinar i barnevaksinasjonsprogram, oppfølging, samtalar, undervisning og rettleiing i grupper og klassar. Tema som vald og overgrep vert rutinemessig tatt opp ved 1. klasse- og 8. klasse-helseundersøking i skulehelsetenesta, i tillegg til 3., 5., 6. og 9. klasse. Undervisinga til 9. klasse i høve seksualundervisning har dei seinaste åra vore gjennomført av Medisinernes seksualopplysning (MSO) Bergen. På vidaregåande skule vert temaet tatt opp i seksualundervisning til 1.klasse og dessutan i undervisning til russen i 3. klasse. Helsesjukepleiarane på skulane har og fokus på å tilretteleggja for gode samtalar der elevar og føresette kan ta opp vanskelege tema som vald, overgrep og omsorgssvikt. I tillegg har dei fokus på å observera teikn som kan bidra til å forebyggja, hindra og oppdaga vald, overgrep og omsorgssvikt.

Formålet til skulehelsetenesta er, i samarbeid med skulen, å fremja eleven si helse, trivsel og læring. Dei skal og bidra til meistring av kvardagsutfordringer og auka helsekompetansen deira. Skulehelsetenesta er tverrfagleg og består av helsesjukepleiar og lege, i tillegg til fysioterapeut og psykolog. Skulehelsetenesta samarbeider med skule og fastlege. Ved behov samarbeider dei





og med andre tenester for barn og unge i kommunen eller spesialisthelsetenesta. Helsestasjonen deltek i konsultasjonsteam for vald og overgrep.

## Helsestasjon for ungdom - HFU

På HFU møter ungdom i alderen 13 - 23 år helsesjukepleiar og lege. HFU er eit gratis "drop in" tilbod for ungdommane. Døme på kva dei kan få hjelp til er prevensjon, graviditet, abort, etevanskar, depresjon, sorg, einsemd, vanskelege familieforhold, rus, vald, overgrep og mobbing.

Målet med helsestasjonsprogrammet:

- å førebyggja alvorlege komplikasjonar og sjukdom hjå foreldre og barn
- at foreldra opplever meistring i foreldrerolla
- å bidra til eit godt samspel mellom foreldre og barn
- å fremja fysisk, psykisk og sosial utvikling hjå sped- og småbarn, skulebarn og ungdom.
- å førebyggja, hindra og oppdaga vald, overgrep og omsorgssvikt
- oppdaga avvik tidleg i høve fysisk og psykisk utvikling
- sjå til at barn og unge får oppfølging og tilvisa dei vidare ved behov

Helsesjukepleiar, lege, fysioterapeut, jordmor og anna personell på helsestasjonen skal vera merksame på forhold som kan tyda på at barnet er utsett for vald, overgrep eller omsorgssvikt, og ved konsultasjonen i helsestasjonsprogrammet observera barnet og familien for å avverga og avdekkja slike forhold.

## PPT - pedagogisk psykologisk teneste

PPT er ein sakkunnig faginstans med eit todelt mandat. Mandatet er regulert i opplæringslova og barnehagelova, og omfattar både system- og individretta arbeidsoppgåver. PPT har eit system- og individperspektiv der vi ser desse to i samheng og medverkar til ei heilskapleg tenking i barnehage og skule.

Tiltak for eit barn eller ein elev kan like gjerne vera å betra gruppe- eller klassemiljø, gruppe- eller klasseleiing, som å setja inn individuelle tiltak knytt til barnet eller eleven åleine. PPT skal sørgja for at det vert utforma ei sakkunnig vurdering der lova krev det. PPT har ansvar for barn, unge og vaksne (med rett til grunnskuleopplæring). Vi har





fokus på barn og unge sitt behov for god sosial og fagleg utvikling i barnehage og skule.

PPT har eit særleg ansvar for å støtta/hjelpa barnehage og skule i planlegging av tiltak for barn og unge med spesielle behov. Skule, barnehage og føresette kan kontakta og eventuelt tilvisa/melda inn barn/elevlar til PPT.

Tenesta vår bidreg med

- Observasjon, utgreiing av barn/unge og vaksne
- Rettleiing til barnehage, skule og føresette
- Utviklingsarbeid og kompetanseheving for barnehage og skule
- Sakkunnig vurdering
- Opplæringslova krev og sakkunnig vurdering i andre tilfelle. Dette gjeld vurdering av:
  - Tidleg eller utsett skulestart
  - Heilt eller delvis fritak frå opplæringsplikta
  - Behov for opplæring i teiknspråk

## Logopedtenesta

Logopeden arbeider direkte med barn, unge og vaksne med språk-, tale- og kommunikasjonsvanskar. Tenesta arbeider indirekte i form av rådgjeving til føresette, barnehage og skule.

Logopedtenesta gjev flest tenester som tilpassa opplæring.

Arbeid på individnivå kan vera direkte og indirekte – og består av:

- Utgreiing og kartlegging
- Behandling
- Rettleiing

Arbeid på systemnivå:

- Prosjekt
- Rettleiing







- Kurs og kompetanseheving

#### Arbeidsområda til logopedtenesta:

- Språkforstyrringar (vanskar med språket)
- Språklydvanskar (vanskar med uttale/artikulasjon)
- Taleflytvanskar (stamming/løpsk tale)
- Stemmevanskar
- Vanskar med språk, tale og svelg etter erverva hjerneskadar (t.d. afasi, taleapraksi, dysartri og dysfagi)

#### Tilvising

Det skal vera låg terskel inn til logopedtenesta. Foreldre, helsestasjon, barnehage, skule, eller personen sjølv kan tilvisa til tenesta. Vaksne kan få tilvising frå lege/sjukehus. Vaksne med stemmevanskar må ha ei tilvising frå Øyre-nase-hals-lege.

Dersom ein er i tvil på om ei sak bør tilvisast eller ikkje, kan ein ta kontakt med fagleiar Hanne N. Opedal per telefon eller e-post.

## Barnevern

Barneverntenesta skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, ved å sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

#### Om barnevernstenesta

Hardanger Interkommunale barnevernteneste er felles barnevernteneste for kommunane Ullensvang, Eidfjord og Ulvik.

## Lov om barneverntenester § 1-1

### Formål.

Lova skal sikra at barn og unge som lever under tilhøve som kan skada helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp, omsorg og vern til rett tid. Lova skal syta for at barn og unge blir møtt med tryggleik, kjærleik og forståing. Lova skal bidra til at barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.





## **§ 1-2 Lova sitt verkeområde:**

Lova gjeld for barn under 18 år. Tiltak etter § 3-6 ( hjelpetiltak for ungdom over § 1-3

## **Barnets beste**

Ved handlingar og avgjerder som vedkjem barn skal barnets beste vera eit grunnleggjande omsyn. Barneverntenesta sine tiltak skal vera til barnets beste. Kva som er til barnets beste må avgjerast etter ei konkret vurdering. Barnet si meining er eit sentralt moment i vurderinga av barnets beste.

## **§1-4 barnet sin rett til medverknad**

Barneverntenesta ser på barn som aktive deltakarar i eigne liv, og i all kontakt med familiar legg vi stor vekt på samtalar med barna for å få fram korleis dei opplever sin eigen situasjon. Denne retten til medverknad er heimla i Lov om barneverntenester § 1-4.

## **§1-5 Barn sin rett til omsorg og til familieliv.**

Barn har rett til omsorg og vern fortrinnsvis i eigen familie. Barneverntenesta sine tiltak skal ikkje vera meir inngripande enn nødvendig.

Når barneverntenesta mottok ei bekymringsmelding, har dei frist på ei veke til å konkludera om det vert opna ei undersøking i familien, eller om meldinga vert lagt bort. Ei undersøking skal gjennomførast innan 3 månadar. Ved avslutta undersøking skal barneverntenesta konkludera med om undersøkinga skal leggjast bort og kontakten med familien avsluttast, om familien får tilbod om hjelpetiltak eller om det er nødvendig med tvangstiltak der barneverntenesta overtek omsorga i familien.

Barn skal bu heime så sant det er mogleg. Barneverntenesta legg alltid vekt på å finna årsakane til vanskane og drøfta dei med foreldra og barnet.

Dei aller fleste familiare barneverntenesta er i kontakt med etter avslutta undersøking, tek i mot frivillige hjelpetiltak. Hjelpetiltak kan blant anna vera foreldrerettleiing, fritidskontakt, besøksheim og økonomisk hjelp. Formidling av plass i fosterheim og institusjon kan og vera hjelpetiltak.





Dersom ein ikkje kan skapa tilfredsstillande forhold for barnet og det er nødvendig ut frå situasjonen til barnet, kan barneverns- og helsenemnda treffa vedtak om omsorgsovertaking for eit barn.

I dei tilfella der eit barn ikkje kan bu i den biologiske heimen skal barneverntenesta vurderer om barnet kan bu i fosterheim hjå nær familie eller i det naturlege nettverket til barnet.

Når det vurderast som til barnets beste å bu utanfor familie og nettverk skal barneverntenesta finna omsorgstiltak som fosterheim eller institusjon.

Når barn er plassert utanfor heimen skal det lagast ein plan for omsorgen og framtida til barnet. Foreldra til barnet skal få oppfølging slik at dei kan få tilbakeført barnet dersom dette er til barnets beste.

## Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa i kommunen er delt i to med ei verksemd på Meieriet i *Odda* og ei på Sandvik i *Kinsarvik*.

Vaksenopplæringa tilbyr opplæring i norsk og samfunnsfag for minoritetsspråklege elevar og grunnskuleopplæring for vaksne. Dei har og har tilbod om spesialpedagogisk undervisning for vaksne. Grunnskuleopplæringa blir gjeven på avdelinga i Kinsarvik og gir kompetanse til å gå på vidaregåande skule.

Vaksenopplæringa kan leggja til rette for ulike kurs innanfor arbeidsretta norskopplæring, og dei gjennomfører realkompetansevurdering på grunnskulenivå saman med dei andre vaksenopplæringane i regionen (Hardanger og Voss kompetanseregion).

Vaksenopplæringa legg vekt på eit trygt læringsmiljø der den einskilde får best mogleg læring ut i frå eigne føresetnader. Dei har krav på å bli sett, forstått og likeverdig behandla. Elevane kjem frå mange stader i verda og vi er audmjuke for den omstillinga dei går gjennom.





## 4.2 Helse og sosial

### Rus og psykisk helse

Målsetjinga til tenesta er:

*Eit godt koordinert tenestetilbod, som fremjar sjølvstende, tilhøyrsløse og evna til å meistra eige liv, for menneske med psykiske lidningar og rusmiddelavhengnad.*

Helsefremjing og førebygging er langtidsarbeid, og det er viktig å sjå til at lokalsamfunnet er den viktigaste arenaen - knytt til helsefremjing og førebygging. Det er viktig å leggja til rette for tiltak som ivaretek heile familien, og dessutan at ein hindrar sosial ulikskap. Førebygging handlar og om å skapa gode og trygge oppvekstvilkår, i tillegg til å leggja til rette for eit inkluderande og deltakande helsefremjande samfunn.

Vi må tilretteleggja for fleksible tenester for å nå ulike aldersgrupper. At kommunen legg til rette for differensierte tilbod med høg tilgjengelegheit og låg terskel for førespurnader, vil auka sannsynet for at fleire tek kontakt med tenesta når behovet er der.

Rask psykisk helsehjelp ( RPH) er ein del av rus og psykisk helseteneste i kommunen og eit tilbod til personar over 18 år.

Tilbodet er retta mot personar med milde og moderate depressive- og/eller angstplager, og dessutan søvnevanskar, og vi ynskjer å gje eit tilbod innan to veker. Depresjon og angst er vesentlege årsaker til sjukefråvær og redusert livskvalitet, og i slike tilfelle er det lurt å søkja hjelp tidleg, slik at problema ikkje utviklar seg.

Vi må og leggja til rette for ein solidarisk og heilskapleg ruspolitikk, der omsynet til dei som lid av eigen -/andre sin rusbruk vert sett høgt. Tilgang til rusmidlar påverkar forbruk, som igjen påverkar folkehelsa. Førebygging må difor prioriterast - tidleg inn med tiltak, som vi blant anna har fått til ved "Tidleg ute".

Rus- og psykisk helse rettar seg mot menneske med psykiske lidningar og rusmiddelavhengnad og dei som står i fare for å utvikla psykisk sjukdom eller rusrelaterte problem. Vi kan tilby ulike former for samtaleterapi, støtte og rettleiing, bustadsosial oppfølging, koordinering av tenester m.m.

Kommunen skal ha oppfølging med alle uansett ståstad. Det er viktig å ha eit godt fungerande tverrfagleg samarbeid, der ein har ei felles forståing for kvarandre sine





ansvarsområde, både internt i kommunen, og mellom kommunen og eksterne samarbeidspartnarar.

## Ergo- og fysioterapitenesta

Kommunen har fysioterapeutar og ergoterapeutar med spesialkompetanse på barn. Terapeutane samarbeider med helsestasjon, skule, barnehage og andre faginstansar både i høve enkeltbarn og på systemnivå. Når det er formålstenleg kan barnet få tenesta i heimen, barnehagen eller på skulen.

Tenesta omfattar

- Undersøking, vurdering og behandling av barn med avvikande eller sein motorisk utvikling.
- Undersøking, vurdering og behandling av barn grunna skade, sjukdom eller nedsett funksjonsevne.
- Rettleiing og råd til foreldre, barnehagar, skular og andre faggrupper med tanke på å ivareta og stimulera barnet si utvikling.
- Bistand i samband med å prøva ut-, søkja om- og tilpassa hjelpemidlar.
- Fysioterapeut har fast tid på helsestasjonen for konsultasjonar, og i undervising og opplæring.
- Fysioterapeut har fast tid på Odda vidaregåande skule for lågterskel-konsultasjonar.
- Fysioterapeut bistår i skulehelsetenesta ved behov.
- Barn kan tilvisast frå t.d. lege, helsesjukepleiar, barnehage, skule eller andre faginstansar for undersøking, vurdering, kartlegging, og eventuell oppfølging.
- Føresette kan og sjølv ta kontakt med tenesta for vurdering og/eller oppfølging. Det trengst ikkje tilvising for å ta kontakt.

## Tenesta for funksjonshemma

Tenesta for funksjonshemma har tilbod til barn på Mjøstølen avlastningsbustad i Odda. Dette er eit tilbod om avlastning til familiar med særleg tyngande omsorgsoppgåver.

Tilbodet vert individuelt tilrettelagt for kvar einskild brukar etter gjeldande opplærings- og behandlingssopplegg. Bruk av nærmiljøet og deltaking på aktivitetar er grunnleggjande for tilbodet. Avlastninga skal og sikra pårørande nødvendig og regelmessig fritid og ferie.





Samarbeid med heim, skule og andre faggrupper er i fokus.

Tilbodet omfattar 14 årsverk.

## Legetenesta

Legetenesta har lege knytt til helsestasjon for barn, og i samband med skulehelsetenesta. Desse følgjer opp lovpålagde undersøkingar.

Helsestasjon for ungdom er bemanna med LIS1-lege. Dette er eit lågterskeltilbod og er ope etter skuletid ein dag i veka. Det krevst ingen timebestilling.

Vi har valt å ha ein yngre lege til stades på HFU, då det viser seg at det ofte er lettare for ungdom å ta kontakt då.

## 4.3 Kultur, næring og samfunn

Kultur, næring og samfunn har fleire tenester som jobbar aktivt inn i det tverrfaglege, førebyggjande arbeidet mot barn og unge.

For kultur, næring og samfunn er det viktig at barna vert sett og får hjelp ut frå den familiesituasjonen dei er i. I mange tilfelle er hjelp og tenester til familien avgjerande for at barna skal ha det godt. For å kunna gjera dette er ein avhengig av god kartlegging, tverrfaglege vurderingar og eit heilskapeleg fokus i dei kommunale tenestene.

Vi opplever at dei ulike fagtenestene i kommunen isolert sett gjev gode tenester og har mange førebyggjande tiltak på individnivå. Den gjennomgåande utfordringa er koordinering av kommunen sine tenester. I enkeltsaker kan det verta svært mange ulike personar/tenester å forhalda seg til for brukarane og familiane det gjeld.

## NAV

NAV har dei siste åra hatt aukande fokus på barna sine behov. Gjennom kartlegging og ein prosjektstilling som familiekoordinator har vi kome tett på ein del familiar med omfattande behov for hjelp og støtte frå fleire av kommunen sine tenester. Blant dei mest vanlege utfordringane vi ser, er følgjande:

- eigna bustad til barnefamiliar
- arbeid til foreldra
- økonomistyring





- transport
- barn med store helseutfordringar
- språkutfordringar
- evna til å orientera seg i det norske hjelpesystemet
- overskot/evne/språk til å følgja opp barn i høve skule/fritidsaktivitetar
- kontakt med mange aktørar, både kommunale (bustadkontor, skule, barnehage, PPT, helsestasjon, fysio/ergo, tildelingskontor) og spesialisthelsetenesta

I Levekårsatsinga som vart gjennomført i Ullensvang herad rett før samanslåinga av kommunane, samarbeidde vi med 11 familiar om å utvikla meir levekårsmedvitne tenester for familien. Vi fann at familiane hadde behov for meir pengar til hushald og meir aktiv innsats frå NAV og ulike andre tenester. Basert på samarbeidet med familiane vart det utvikla eit kunnskapsgrunnlag som er nedfelt i Ullensvang kommune sin nettplattform. Dette skal nyttast i det vidare arbeidet med fag- og tenesteutvikling i NAV og dei andre aktuelle tenestene.

NAV prøver å hjelpa familiane med blant anna å: søkja på dei ytingane dei har rett til, finna eigna bustad, tilretteleggja for at foreldra kan vera i arbeid eller annan aktivitet, delta i ansvarsgrupper, oppretta kontakt med andre relevante tenester og samordna tenester. I tillegg yt vi ein del økonomisk sosialhjelp for at barna skal ha det same som andre barn, kunna ha med seg vener heim, ha ein stad å gjera lekser, delta på fritidsaktivitetar osb.

Dette er eit krevjande arbeid. Særleg å samordna tilbodet frå fleire kommunale tenester er utfordrande, då gjerne ein eller to fra kvar av dei andre tenestene er involvert. Det blir då mange å forhalda seg til, både for familien og for NAV. Det er nesten umogleg å få foreldre med så store utfordringer ut i arbeid. Det er utruleg viktig at barna i desse familiane får utdanning. Dei treng mykje merksemd frå barnehage og skule for å koma seg gjennom eit utdanningsløp. Vi prøver saman med andre i kommunen, å få dei ut i sommarjobb for å gje dei høve til å tena eigne pengar, i tillegg til tidlig å læra seg verdien av arbeid.

## Bustadkontoret

Bustad er viktig for barn og unge sine oppvekstvilkår. Ved tildeling av kommunal gjennomgangsbustad har vi eit særleg fokus på barnefamiljar, og dei har første prioritet ved tildeling. I den grad vi har tilgjengelege bustader så prøver vi å tildela ein bustad med nok soverom. Ved søknad om fornying av husleigeavtale innhentast oppdatert informasjon om søkjar og familien. Slik kan ein på nytt sjå på om det er aktuelt å tilby ein større bustad, eller om vi eventuelt kan tilby ein mindre bustad





dersom det er færre personar i husstanden. På den måten kan vi frigjera ein stor bustad som kan tildelast ein barnefamilie. Vi har og fokus på bumiljø og oppvekstmiljø ved tildeling av bustad. Dei ulike faginstansane har høve til å koma med utfyllande opplysningar slik at ein gjennom tverrfagleg samarbeid kan sjå på ulike løysingar for bustad til familiar med sårbare barn og unge.

På søknadsskjemaet for kommunal gjennomgangsbustad er det eit eige felt der søkjar kan be om ein samtale vedkomande startlån, for å sjå om det kan vera aktuelt å kjøpa seg ein eigen bustad jfr pkt 2.2 i Handlingsplan Bustad.

Frå Handlingsplan Bustad:

“2.2 Fleire skal eiga bustad - barnefamiliar skal ha høg prioritet. Gjennom råd og rettleiing og ved aktiv bruk av Husbanken og kommunen sine økonomiske verkemidlar skal ein arbeide for at fleire kan eige bustad...”

Bustøtte: Barnefamiliar med låge inntekter og høge bu-utgifter kan søkja om statleg bustøtte via kommunen. Formålet med den statlege bustøtta er å sikra personar med låge inntekter og høge bu-utgifter ein høveleg bustad.

## Inkludering

Inkludering har ansvar for det koordinerande arbeidet kring busetjing og integrering av flyktningar og samarbeider med NAV om drift av tiltaket ”Muligheten”. Verksemda har ansvar for Ullensvang kommune sitt ferietilbod og har prosjekt knytt til sommarjobb i samarbeid med barneverntenesta og NAV. Inkludering ynskjer å vera ein pådrivar for tiltak som kan fremja integrering og trivsel og forebyggja utanforskap uavhengig av bakgrunn, kultur og økonomisk status.

Busetjing og integrering av flyktningar er ei kommunal oppgåve, og femnar om fleire sektorar og verksemder. Etter at flyktningane er busett, er det ei målsetjing at flyktningane lukkast med å læra norsk språk og kultur og verta aktive deltakarar i sitt lokalsamfunn. For å nå desse målsetjingane er det svært viktig med godt samarbeid internt i kommunen. Det er og viktig med eit godt samarbeid med lokalt næringsliv, med mål om at personar med flyktningbakgrunn skal ta del i arbeidslivet og verta sjølvforsørga gjennom arbeid.

### Tiltak for einslege mindreårige flyktningar

Einslege mindreårige flyktningar er ei særleg sårbar gruppe. Inkludering har ulike bu- og oppfølgingstiltak retta mot denne gruppa:

- Døgnbemanna bufellesskap
- Eigen bustad med forsterka oppfølging







- Ressursfamiliar

## Bibliotek og kultur

Biblioteket er for alle, og skal vera arena for leseglede, kunnskapsbeite, leik, spel og felles kulturopplevingar. Ullensvang bibliotek har eit særleg fokus på barn og unge. Vi er ein stad å vera og møtast, ein stad å gjera lekser, lesa bøker og henga med vener, med trygge vaksne til stades. Ullensvang bibliotek har som mål å formidla kvalitetskultur på brei basis og har mange tiltak retta mot barnehage/skule slik at tilbodet skal nå alle. Gratisprinsippet er grunnleggjande hjå oss, og vi går aktivt ut mot både barnehage, skule og vaksenopplæringa med tilbod.

Gode kulturopplevingar og kulturaktivitetar er absolutt førebyggjande tiltak og del av ein god oppvekst. Ullensvang bibliotek er og ein ressurs inn mot vaksne i deira rolle mot barn. God litteratur kan fremja gode relasjonar og situasjonar, og utvikling av lesekompetanse og interesse vil vera svært viktig for å gje meistring i skulen og samfunnet elles.

## Kulturskulen

Kulturskulen er eit viktig aktivitetstilbod, særskilt for barn og unge. Ullensvang kulturskule har satsa hardt på kvalitet, tilgjengelegheit og inkludering. I denne samanheng må tilbodet ikkje vera for dyrt, og det må vera fysisk tilgjengeleg. Desentralisert undervisning kostar, men det er veldig viktig.

Kulturskulen har per no tilbod om gratis kulturskule, og dessutan at det er mogleg å søkja om friplass. Friplass-systemet er avhengig av at vaksne rundt eleven/barnet kjenner til det og faktisk søker.

Eit system med god og enklare flyt av informasjon rundt brukarane (t.d mellom grunnskule/kulturskule) er ynskjeleg i eit førebyggjande perspektiv.

## Frivillig sektor / Frivilligsentralane

Frivillig sektor er vår største leverandør av aktivitetstilbod i kommunen, og ein god dialog mellom frivillig og offentleg sektor er viktig i førebyggjande arbeid. Arbeidet med frivillig- og samspelstrategien, som skal slutførast i starten av 2024, viser at frivillig sektor ønskjer eit tettare samarbeid med kommunen. Her har vi eit godt potensiale for at ein saman kan finna gode løysingar som stettar førebygging for





barn, ungdom og familiar, og vidare nytta den kompetansen og erfaringa frivillig sektor har når det gjeld forebygging.

Frivilligsentralane arbeider målretta med frivillig innsats som ein kan dela i tre grupper:

1. **Lag og foreiningar**

Som katalysator, oppstartshjelp, praktisk hjelp, kurs og opplæring, formidling av informasjon til og frå frivillig sektor.

2. **Uorganiserte møteplassar og aktivitetar**

Svært viktig at vi har desse uorganiserte møteplassane. Det er ikkje for alle å melda seg inn i eit lag eller annan organisert verksemd - vi er ein viktig møteplass med låg terskel. Her kan ein stikka innom når ein har formen til det, dagen til det eller når ein har behov for kontakt med andre utan at det nødvendigvis medfører forpliktingar.

3. **Enkeltpersonar som ynskjer å bidra** med sitt engasjement i aktivitet som ikkje er eigennyttig, gjerne som ein velferdsaktør i tillegg til offentlege oppgåver (t.d. frivillige som driv aktivitetar, underviser, besøksven, praktisk hjelp, hjelp under arrangement med meir).

Konkrete tiltak ein har ved ein eller fleire av frivilligsentralane, knytt til forebygging per i dag, som kan vidareutviklast:

- Nettstaden iUllensvang.org, ein aktivitetsportal der ein kan søkja etter type aktivitetar, målgrupper, informasjon og geografisk plassering for dei aller fleste aktivitetar som frivillig sektor og andre tilbyr i kommunen vår.
- Språk-kafe for innbyggjarar med norsk som andrespråk.
- Lekse-kafe for elevar i grunnskule og vidaregåande skule.
- Digital hjelp til familiar som treng bistand til å nytta offentlege nettstader.
- Bistand til familiar/einskildpersonar vedrørande utfylling av diverse søknadar og skjema.
- Lågterskel-aktivitetstilbod (spel og formingsaktivitetar).
- Natteravnane i Odda, frivillige vaksne som kvar laurdag er tilgjengelege for ungdom i sentrum frå kl. 23.30 og ut i natta.
- Fri tilgang til/gratis lån av lokale.

I tillegg har vi samarbeid med Kulturskulen, lokale kulturutøvarar og frivillige om arrangement av gratis Kulturcamp for ungdom tre helger per år. Der får dei vidareutvikla egne interesser, oppdaga nye aktivitetar og knyta band til ungdom frå heile kommunen med felles interesser som ein sjølv har.






## 4.4 Teknisk og miljø

Ullensvang kommune må arbeida for å få fleire til å eiga sin eigen bustad/leilegheit. I dag er det for stor andel som leiger. Det finst mange moglegheiter med Startlån. Forsking viser at barn får betre oppvekstvilkår om familien eig sin eigen bustad/leilegheit.

Tilretteleggja meir for universell utforming i offentlege bygg og uteområde, slik at og barn med funksjonsnedsetjing kan delta i samfunnet.

## 4.5 Politi





#### Politoloven § 1

*“Politiet skal gjennom forebyggende, håndhevende og hjelpende virksomhet være et ledd i samfunnets samlede innsats for å fremme og befeste borgernes rettssikkerhet, trygghet og alminnelige velferd forøvrig”*

### Heilskapeleg tilnærming til forebygging

Kriminalitetsforebygging er ein hovuddel i politiet sin samlande forebyggjande innsats. Politiet har eit breitt samfunnsoppdrag, som gjer at omgrepet forebygging vert brukt framfor kriminalitetsforebygging i denne overordna strategien.

Samfunnstryggleik og beredskap, trafikktryggleik og tillitsbyggjande arbeid er og sentrale delar av politiet sin forebyggjande innsats.

I strategien blir det lagt til grunn ei brei forståing av forebygging. Forebyggjande innsats kan skje både før, under og i etterkant av ei kriminell handling eller uønska hending. Forebygging skal vera formålet langs heile tidsaksen.

Vidare når det gjeld konkret forebygging opp mot barn og unge, så er "verktøyet" til politiet **bekymringssamtalen**. Målet med bekymringssamtalen er å skapa refleksjon rundt handling og dermed ein "konsekvens-tankegang".

Bekymringssamtalen er ikkje ein tilfeldig samtale. Den byggjer på fleire anerkjende samtalemetodar som blant anna rettleingspedagogikk. Barnets beste er alltid i fokus, og politiet sine nasjonale retningslinjer ligg i botnen for politiet sitt arbeid i møte med barn. Fire barnefaglege prinsipp vert følgt.





**“TRYGGHET – Rolig og vennlig. FORUTSIGBARHET – Hva skjer og hvorfor.  
FORSTÅELSE – Forklare og informere. INVOLVERE – Påvirke egen situasjon”**

Lokalt politi har eit breitt fokus på tverrfagleg samarbeid, særleg gjennom politiråd-SLT og ressursteam.

Vidare kan ein rekna bruk av ungdomsstraff og ungdomsoppfølging som eit verktøy/metode for å hindra/forebyggja vidare negativ/uønskt utvikling, handlingar/kriminalitet. Ved ungdomsoppfølging er det og sterk fokus på å gjenoppretta samtalar mellom aktuell ungdom og fornærma. Det vil seia samtalar med profesjonelle meklarar frå konfliktrådet for å gjenoppretta tillit og "skværa" opp.

Føredrag som politiet har åleine og/eller saman med andre aktører er og svært viktig som eit "verktøy" i den forebyggjande strategien for å oppnå målet med å hindra uønskete hendingar, kriminalitet og negativ utvikling.

## 4.6 SLT

SLT står for Samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggjande tiltak (kriminalitetsforebygging.no). Dette er ei gruppe med ulike tenester som har mål om at kommunen sine barn- og unge skal få hjelp til rett tid av eit hjelpeapparat som utøver tverrfagleg samarbeid (kriminalitetsforebygging.no). I Ullensvang kommune består SLT si koordineringsgruppe av:

- Koordinator
- NAV
- Vidaregåande skule
- Kommunalsjef Oppvekst og utdanning
- LOS
- Politi
- Barnevern

Evalueringa av politiråda (2014) viser at SLT-modellen og SLT-koordinator kan spela ei viktig rolle for politirådssamarbeidet. Dette ved at dei bidreg til god integrering mellom politiråd og resten av kriminalitetsforebyggjande arbeid. Dette handlar om at SLT-koordinator tilfører politirådet kunnskap og styrkjer forankringa mellom strategisk og utførande nivå, i tillegg til å iverksetja og koordinera den operative innsatsen som politirådet har vedteke. I mange kommunar fungerer politirådet og som SLT-styringsgruppe.





Gruppa jobbar aktivt med førebygging ved å nytta informasjon frå dei ulike tenestene. Iverksetjing av tiltak vert gjennomført etter drøfting, men tiltaka skjer i hovudsak på systemnivå. For SLT er Ressursteam undergruppa, denne er framleis i etableringsfasen, men skal fungera som eit utøvande organ inn mot fritida til barn og unge.

## 4.7 Idrettsrådet

Idrettsrådet representerer alle idrettslaga i kommunen.

Idrettsrådet legg til rette for aktivitetar i regi av Vestland Idrettskrets. Held kurs og diverse aktivitetar.

Anleggsutvikling og nye anlegg for dei ulike idrettslaga har vore eit satsingsområde som er svært viktig for aktiviteten til idrettslaga. Her er Idrettsrådet dei som er med og prioriterer anlegg og tilrår prioritering for kommunen. Hovudregel er at idrettslaget skaffar 1/3 av finansieringa, kommunen 1/3, og 1/3 kjem frå tippemidlar. Kommunen har ein politikk der dei forskutterer tippemidlane.

Alle idrettslaga i kommunen er medlem i Idrettsrådet, og Idrettsrådet fordeler både statlege og kommunale midlar som går til dei ulike idrettslaga. Styret i Idrettsrådet speglar heile kommunen.

Målet til Idrettsrådet er å bidra og tilretteleggja for mest mogleg positiv aktivitet i kommunen. Dette gjer vi ved å bidra til anleggsutbygging og kompetanseheving i idrettslaga.

